


BOKN

BYGDEBLAD

Nr. 6 - juni/juli 1987 årg 2

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR - 10 NR. PR. ÅR

NIVA-RAPPORT OM GASSKRAFTVERK PÅ OGNØY: KJØLEVASSBASSENG KAN BYGGJAST MELLOM OGNØY OG AUSTRE BOKN



Norsk institutt for vannforskning (NIVA) er nå ferdig med ein rapport som gir ei vurdering av Ognøy som lokalitet for gass kraftverk. Vurderinga byggjer på at det vert bygt eit kjølevass basseng mellom Ognøy og Austre Bokn, og at kjølevatnet frå kraft verket vert slept ut i dette før det går ut i resipienten mot Boknafleet.

Les side 2

Dersom gasskraftverk på Ognøy,

Eineståande høve til å utnytta kjølevatnet i stort kjølevassbasseng

I den rapporten som NIVA har utarbeidd, er det også utført ein førebels analyse av brukspotensialet til kjølevassbassenget. Vurderinga konkluderer med at Ognøy ut frå miljøomsyn er ein akseptabel lokalitet for etablering av gasskraftverk.

Kjølevatnet frå eit kraftverk på Ognøy er i følgje rapporten tenkt ført ut i eit kunstig basseng som blir laga ved ei oppdemning av aust- og vestenden av ogsundet. Overflatearealet av bassenget vil vera 1 km², største djupn 52 meter og totalt vassvolum ca. 20 mill. m³. Førebels utrekningar har vist at vatnet vil halda ein temperatur på mellom ca. 13grader C. (vinteren) og ca. 16 grader C. resten av året.

Anlegget sin styrke vil vera at det kan fungera som ein nasjonal og internasjonal "forskningspark", og vera eit senter for forsknings- og utviklingsaktivitet på akvakultursektoren og dermed vera ein "idebank" for den regionale akvakultur. For at anlegget skal kunna nyttast effektivt, er det ein forutsetnad at det også er tilgang på gode laboratoriefasiliteter på staden.

I ein konklusjon om brukspotensialet for anlegget, går det fram:

1. Anlegget er best eigna til forsøk omkring økosystemstyring og retta mot ekstensive driftsformer.
2. Anlegget vil kunna gi generell kunnskap om vekst og adferd hos marine organismar ved auka temperatur.
3. Anlegget vil kunna bli eit senter for forsknings- og utviklingsaktiviteten på akvakultursektoren både i regionen, nasjonalt og internasjonalt.
4. Anlegget vil kunna brukast av universitets- og forskningsinstitusjonar samt private føretak til undersøkingar der store oppvarma vassmengder er nødvendig eller ynskjeleg.
5. Anlegget vil kunna brukast til komparative studier i brakkvatn (Forsmark i Sverige) og saltvatn (Ognøy).
6. Laboratoriefasiliteter må vera tilgjengelege på staden for at anlegget sitt forskningspotensiale skal kunna realiserast.

STATKRAFT SIN SØKNAD OM GASSKRAFTVERK PÅ HAUGSNESET I TYSVÆR:

BOKN GIR HØYRINGSUTTALE MEINER OGNØY ER BESTE ALTERNATIV

I ein uttale frå Bokn kommune på Statkraft sin søknad om bygging og drift av gasskraftverk på Haugsneset i Tysvær kommune, har Bokn kommune punkt for punkt kommentert Statkraft sine argument som har ført til at Statkraft har konkludert med at Haugsneset er det beste alternativet for plassering av eit gasskraftverk.

Argument som Statkraft har brukt mot plassering på Ognøy er m.a. at det vil vera mangelfullt vegsamband til Ognøy ved anleggsstart. Dette er ikkje korrekt, då vegen Susort Ognøy vil stå ferdig sommaren 1988. Også problem med ferskvatn-forsyning har vore brukt som eit argument mot Ognøy. Dette er ikkje noko problem, då vassleidning frå det kommunale vassverket i Bokn kan førast fram til Ognøy i løpet av kort tid. Når det gjeld driftsvatn har Statkraft i brev til Bokn kommune gitt melding om at tilkopling til Statpipeterminalen si driftsvassledning vil kunna la seg gjera, slik som det er forutsett også for Haugsnes-alternativet. Men det er særleg når det gjeld utnytting av kjølevatnet at Bokn kommune meiner at Ognøy er det desidert beste alternativet.

Her har ein høve til å få ei god utnytting til landbaserte anlegg, men det viktigaste er det potensialet ein har i å utnytta det bassenget som er tenkt bygd mellom Ognøy og Austre Bokn. Norsk institutt for vannforskning (NIVA) har utarbeidd ein rapport om dette.

Berre 50% av energimengda vert direkte nytta til kraftproduksjonen. Resten går ut i kjølevatnet. Dette er det NIVA har påvist kan nyttast ved å byggja eit stort basseng mellom Ognøy og Austre Bokn.

Når det gjeld kostnadene ved å byggja kraftverket på Ognøy, har Statkraft rekna ut at dette vil bli 106 mill. kr. dyrare enn Haugsneset. Ein kan ikkje ut frå søknaden sjå kva denne meir kostnaden skuldast, men det er tidlegare gitt signal frå Statkraft om at berre det å føra kjølevatnet frå Ognøy til sør for Austre Bokn ville kosta 90 mill. kr.

Ut frå rapporten frå NIVA er det fullt ut akseptabelt å sleppa kjølevatnet frå Ognøy mot Bokna fleet. Utgiftene til transport av kjølevatnet vil i så tilfelle ikkje utgjera nokon vesentleg kostnad.

Konklusjonen i uttalen frå Bokn er at Ognøy er beste alternativ.

SMÅPLUKK FRA IDRETTSLAGET

FRIIDRETT

Det årlige klubbmesterskapet i friidrett ble arrangert søndag den 24. mai med 33 deltakere under mottoet: DET VIKTIGSTE ER Å DELTA! Her ble vist personlig iver og glede gjennom fysisk utfoldelse.

Resultatliste:

60 M.

GUTTER 1979

1. Roger Jøsang 11.65

GUTTER 1976

1. Fredrik Faye 9.09 (9.50)
2. Kjell Arne Drange 9.50
3. Bjørn Jøsang 9.92
4. Jan Inge Våge 10.67

GUTTER 1975

1. Gjermund Sæbø 9.50 (9.92)
2. Kyrre Lindanger 9.60 (9.97)
3. Trond Christiansen 9.62 (10.69)

GUTTER 1974

1. Atle Jøsang 10.04

GUTTER 1973

1. Hans Rune Øvrebø 8.50
2. Bjarte Langhelle 8.61 (9.14)
3. Christian Ovidth 9.00
3. Louis Medhaug 9.00
4. Trond Foss 9.61 (9.73)

GUTTER 1972

1. Trond Lindanger 7.73 (8.50)
2. Arild Sæbø 8.03 (8.78)

GUTTER 1971

1. Ronny Taraldlien 7.73
2. Johnny Vila 8.58

JENTER 1978

1. Ingrid Are 10.68 (11.87)

JENTER 1977

1. Marita Svendsen 10.44 (10.83)
2. Linda Kro 15.23

JENTER 1976

1. Ranveig Foss 9.58 (9.89)

JENTER 1975

1. Janne Are 10.16 (10.84)
1. Kjersti Nygaard 10.16 (9.94)
3. Hilde Jøsang 11.00
3. Lisa Vila 11.00 (10.84)

JENTER 1974

1. Torunn Bokneberg 9.50 (9.69)
2. June Kro 9.95
3. Tove Alvestad 10.22

JENTER 1973

1. Mona Faye 8.80 (8.92)
2. Margareth Are 9.22 (9.59)

Tallene i parantes var fjordårets resultat.

BESTE RESULTATER

ETTER TYRVINGTABELLEN

1. Trond Lindanger 954 poeng
2. Ronny Taraldlien 931 "
3. Arild Sæbø 885 "

HØYDE

GUTTER 1979

Ikke resultat

JENTER 1978

1. Ingrid Are 85

JENTER 1977

1. Marita Svendsen 105 (95)

forts. HØYDE

GUTTER 1976

1. Fredrik Faye	95 (95)
2. Kjell Arne Drange	95 (fl. riv)
3. Bjørn Jøsang	90
4. Jan Inge Våge	85

GUTTER 1975

1. Gjermund Sæbø	110 (100)
2. Kyrre Lindanger	105 (90)

GUTTER 1974

1. Atle Jøsang	100
----------------	-----

GUTTER 1973

1. Bjarte Langhelle	125 (115)
2. Christian Ovidth	120
3. Hans Rune Øvrebø	115
4. Trond Foss	100 (100)

GUTTER 1972

1. Arild Sæbø	144 (125)
2. Trond Lindanger	120 (120)

GUTTER 1971

1. Johnny Vila	130
----------------	-----

JENTER 1976

1. Ranveig Foss	95 (105)
-----------------	----------

JENTER 1975

1. Hilde Jøsang	110
2. Janne Are	100 (95)
3. Lisa Vila	95
4. Kjersti Nygaard	95 (flere riv)

JENTER 1974

1. Torunn Bokneberg	115 (105)
2. June Kro	100
3. Tove Alvestad	100 (flere riv)

JENTER 1973

1. Mona Faye	115 (115)
2. Margareth Are	115(fl.riv) (105)

Tallene i parantes
var fjordårets resultat.

BESTE RESULTATER ETTER TYRVINGTABELLEN

1. Arild Sæbø	784 poeng
2. Marita Svendsen	768 "
3. Hilde Jøsang	744 "

LENGDE

GUTTER 1979

1. Roger Jøsang	2.47
-----------------	------

GUTTER 1976

1. Fredrik Faye	4.04 (3.46)
2. Kjell Arne Drange	3.40
3. Bjørn Jøsang	3.32
4. Jan Inge Våge	2.42

GUTTER 1975

1. Gjermund Sæbø	3.60 (3.36)
2. Trond Christiansen	3.22 (3.21)
3. Kyrre Lindanger	3.08 (3.20)

GUTTER 1974

1. Atle Jøsang	3.30
----------------	------

GUTTER 1973

1. Bjarte Langhelle	4.40 (3.85)
2. Christian Ovidth	4.14
3. Hans Rune Øvrebø	4.10
4. Louis Medhaug	4.00
5. Trond Foss	3.60 (3.64)

JENTER 1978

1. Ingrid Are	2.64 (2.45)
---------------	-------------

JENTER 1977

1. Marita Svendsen	3.35 (3.13)
2. Linda Kro	1.01

JENTER 1976

1. Ranveig Foss	3.47 (3.59)
-----------------	-------------

JENTER 1975

1. Janne Are	3.30 (2.78)
2. Hilde Jøsang	3.00
3. Kjersti Nygaard	2.85 (2.67)
4. Lisa Vila	2.79 (2.84)

JENTER 1974

1. Torunn Bokneberg	3.42 (3.40)
2. Tove Alvestad	3.07

JENTER 1973

1. Mona Faye	3.69 (3.18)
2. Margareth Are	3.43 (3.47)

forts. LENGDE

GUTTER 1972

1. Trond Lindanger	4.88 (4.76)
2. Arild Sæbø	4.30 (3.26)

Tallene i parantes
var fjordårets resultater.

BESTE RESULTATER

GUTTER 1971

1. Ronny Taraldlien	5.00
---------------------	------

ETTER TYRVINGTABELLEN

1. Fredrik Faye	885	poeng
2. Ranveig Foss	755	"
3. Kjell Arne Drange	725	"

BALLKAST

GUTTER 1979

1. Roger Jøsang	18.90
-----------------	-------

JENTER 1978

1. Ingrid Are	15.10
---------------	-------

GUTTER 1976

1. Jan Inge Våge	44.30
2. Kjell Arne Drange	37.20
3. Fredrik Faye	34.70
4. Bjørn Jøsang	22.40

JENTER 1977

1. Marita Svendsen	25.70
2. Linda Kro	12.70

GUTTER 1975

1. Trond Christiansen	46.10
2. Gjermund Sæbø	40.05
3. Kyrre Lindanger	32.70

JENTER 1976

1. Ranveig Foss	18.60
-----------------	-------

GUTTER 1974

1. Atle Jøsang	33.00
----------------	-------

JENTER 1975

1. Lisa Vila	22.40
2. Hilde Jøsang	17.30
3. Janne Are	15.00
4. Kjersti Nygaard	14.30

GUTTER 1973

1. Bjarte Langhelle	63.00
2. Trond Foss	50.10
3. Christian Ovidth	48.20
4. Hans Rune Øvrebø	47.50
5. Louis Medhaug	41.40

JENTER 1974

1. Tove Alvestad	23.40
2. Torunn Bokneberg	18.10
3. June Kro	15.25

GUTTER 1972

1. Trond Lindanger	63.80
2. Kjell Olav Skjelde	49.50
3. Arild Sæbø	45.60

JENTER 1973

1. Margareth Are	25.80
2. Mona Faye	18.60

GUTTER 1971

1. Ronny Taraldlien	73.00
2. Johnny Vila	65.00

Ballkast kan ikke beregnes
etter Tyrvingtabellen
(bare for jenter).

Gutter må kaste spyd.

Bokn Idrettslag vil takke alle som hjalp til med stevnearrangementet.

FOTBALL

Fotballserien er nå halvspilt , og både A-laget og småguttelaget har gjort en meget god innsats. Mange var nok spente på hvordan A-laget

forts. neste s.

FOTBALL...

ville greie seg i 9. divisjon.

Hittil er det blitt 4 seiere, ett uavgjort resultat og to tap. Laget ligger med dette som nr. 4 på tabellen, og med fortsatt like godt spill utover høsten skulle det være muligheter for opprykk til 8. divisjonen. Idrettslaget ønsker lykke til med høstkampene.

Småguttelaget har spilt 5 kamper uten tap hvorav 1 uavgjort resultat. Laget har vist stor spilleglede og iver som det står respekt av. Kanskje kan puljeseieren hales i land for annet år på rad.....

Idrettslaget har ellers en ny tilvekst på fotballarenaen. Det er startet et damelag som trener hver lørdag kl. 15.00 på Bokn skule. Alle fotballinteresserte jenter oppfordres til å møte på trening. Kanskje grunnlaget kan legges for neste års serie?

Kontaktperson: Trine Alvestad.

DANSEKURS

Bokn Idrettslag vil arrangere nytt dansekurs i swing lørdag den 15. august.

Barne- og ungdomsgruppa (fjerde til og med 9. klasse regnet fra høsten av) starter kl. 12.00 og dansen varer til kl. 16.00.

Kl. 17.00 fortsetter kurset for voksne, og varer fram til kl. 21.30.

Til tross for skoleferie håper idrettslaget på god deltakelse og at det kan bli en fin oppvarming før skolestart for de yngste. Voksengruppa ønskes denne gang særlig velkommen til sosialt samvær og hyggelige dansetimer.

La det swinge la det rock'n roll!

Kurset er gratis for medlemmer.

Kursavgift for ikke-medlemmer er kr. 50,-.

Formannen.



**idrett uten
alkohol**

VAKTLISTE HEIMESJUKEPLEIEN - JULI 1987

Lør. Søn.	4. juli 5	Marie Faye har vakt heile helga.	
Man. Tir. Ons. Tor. Fre.	6 7 8 9 10	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08. Man.,tir,ons.tor.
Lør. Søn.	11 12	Else Nilssen har vakt heile helga frå fred.10/7 kl.08.	
Man. Tir. Ons. Tor. Fre.	13 14 15 16 17	Else Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva B. Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. Søn.	18 19	Eva B. Svendsen har vakt heile helga.	
Man. Tir. Ons. Tor. Fre. Lør. Søn.	20 21 22 23 24 25 26	Marie Faye har vakt heile døgnnet, heile veka.	
Man. Tir. Ons. Tor. Fre.	27 28 29 30 31	Gunn Gr.stad har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag.	Eva B. Svendsen har vakt frå kl.16-08.

MERK.

På tirsdagane på dagtid
utfører heimesjukepleien
berre faste pleieoppdrag.
Andre som treng hjelp denne
dagen kontaktar legekontoret
tlf. 74 84 65.

TELEFONAR

ELSE NILSSEN 74 83 38
MARIE FAYE 74 84 55
EVA SVENDSEN 74 83 39
GUNN GR.STAD 74 85 93
LEGEKONTORET 74 84 65

PROLOG VED BOKNAFESTIVALEN

28. MAI 1987

av Olaug Hognaland

Etter ein vinter så lang og hard,
me trudde skulie drepa alt liv
som var,
har atter sola vunne,
som før kvart ende år.
Det same under hende, at vinter
vart til vår.

Så kom mai, med flagrande flag,
og landet sin eigen hgtidsdag.
Men mai tek ein ende, som
dagane går.
Me vil nytta ut tida med det enna
er vår.
Me ber inn alle i bygda her,
og gjester frå Karmøy velkomne
dei er .
Me tek ein dag med litt ekstra
stas,
tida er til for festivitas.
Det er vel og bra å ha sjølrespekt,
men nokon tykte det var litt frekt,
når det lyste imot dei frå skjorta
på kroppen:

Bokn er toppen!

Men ein dag slår du avisa opp,
og kva ser du vel ikkje;

Bokn på topp!

Og grunnen, den sto der på trykk:
prosenten gjekk opp med eit rykk
då sytti songarar, små og store
laga blanda kor og barnekoret.
Skolekorpset, det var på plass,
og Rapido og Bokn Brass,
og leikarringen.
Og alt dette det er Bokns sju
hundre og femti sjeler.

Framfor kor og korps dirigenten
står, såvisst ikkje tyngd av alder
og år.

Jardar heiter han, sjeldne dei er,
både navnet og han som navnet ber.

Skolekorpset har alt jubiliert,
over 20 år er passert.
Dirigentar og styre har kome og
gått,

Meir og mindre takk har dei fått.
Foreldre stilte alltid opp,
og støtta opunder i samla tropp.
Men det hende nok kanskje at pappa
sa:
"Noko øving inni stova, det vil eg
ikkje ha."


--
Kvart år kjem det modige små
aspirantar,
som litt om senn blir til
musikantar.
Om nokre år forlet dei sin plass,
og går over i Bokn Brass.
Også her har ein gått i teten,
han heiter Svein, det er han med
trompeten.
Han er både korpset og bygda til
æra.
Me må dela han med Kopervik, det
får så vera.
Når ungdom trakterar instrument
med glans,
kan det vera medfødd evne og sans.
Men tålmod må til, og alt må
lærast,
og flinke pegagogar skal høgt
vurderast.
Kor mange me har hatt, kan ikkje
seiast nå.
Nokon er alt reiste herifrå.
Dei som er her idag vil me gjerne
takka,
Men nå vil me berre la tonane
snakka.

Boknafestivalen den 28. mai var
eit svært vellukka arrangement
som samla fullt hus heile dagen.

Etter som Bokn Bygdeblad erfarer,
er dette noko som har gitt meir
smak både for initiativtakarane
og publikum.

Det teiknar dermed til at dette
kan bli eit årvisst arrangement.

« Biblioteket »



OPNINGSTIDER:

LESETIPS FOR FERIEEN:

- * Ingvar Ambjørnsen:
Heksenes Kors
- * Vigdis Hjort:
Drama med Hilde
- * Veslemøy Kjendsli:
Skammens Barn
- * Aage Hauken:
Den dypfryste pateren
- * Annika Idström:
Min bror Sebastian
- * Atle Næss:
Sensommer
- * Holm:
Gatebarn

TYS DAG: 16⁰⁰ - 19⁰⁰

TORS DAG: 10⁰⁰ - 13⁰⁰

TLF: 748465.

NYE


bøker for barn:

- * Ingebjørg Dahl Sem:
Leve Mallinkene
- * Reidar Lund:
Anne-Charlotte Victoria
jager en bankraner
- * Tor Åge Bringsværd:
Den enöyde kongen
- * Helge Torvund/Knut Jörgensen:
Multippel og Dama med
Himmelhatten

**BØKER ELSKER
LESERE**

MERK:

Biblioteket har
nå feriestengt, og
opnar att den 14. JULI.
VELKOMEN!



Kommunevalet

1987:

Nominerte for Bokn Senterparti:

1. Leif Vatnaland
2. Bernhard Våge
3. Inger Sønnøve Bokneberg
4. Alf Alvestad
5. Inger Jøsang
6. Bjarte Kro
7. Rune Vatnaland
8. Sigrunn Hole Hosaas
9. Arve Are
10. Anne Marie Medhaug
11. Vidar Grønnestad
12. Bertha Våge
13. Daniel Thuestad
14. Marianne Øvrebø
15. Johannes Nilsen
16. Ragnhild Laupland
17. Østen K. Hognaland
18. Solveig Elise Våga
19. Oddrun Håland
20. Ernst Øvrebø
21. Torleif Jøsang
22. Maud Alvestad
23. Solvor Våge
24. Eiliv Vatnaland
25. Asta Kro
26. Liv Alise Lie

8 BARN FEKK IKKJE PLOSS I BARNEHAGEN

23 barn har fått plass i Bokn kommunale barnehage frå 1. august.

Av desse har 17 fått plass på halv dag, og 6 på heil dag.

Dette er 1 meir avvist enn i fjor.

Ette reglane skal det vera 1 ledig plass ut august som skal oppfyllast på grunnlag av anke over opptaket eller av andre årsaker.

FLYTTEGODTGJERSLE FOR NYE LÆRARAR

Bokn formannskap har vedteke at kommunen dekkjer halvparten av flyttestyngiftene for lærarar og førskulelærarar som byrjar i Bokn. Dette gjeld berre dersom ein buset seg i Bokn, og godtgjersla er avgrensa oppover til kr. 10.000,-. Regelen gjeld frå 1.08.87., og stillinga må vara minst eit år. Dersom den tilsette sluttar før det er gått eit år, lyt vedkomande betala tilbake heile flyttestyngiftgjersla.



NYE TILSETTE

I BOKN KOMMUNE

Desse er tilsette ved sjukestova/
åpen omsorg frå 1. august:

Gunn A. Grønnestad (avdelings
sjukepleiar, full stilling),
Målfrid Langhelle (sjukepleiar,
1/2 stilling), Margunn Are, Signe
Skjelde, Åse Vatnaland, Gudny
Sæbø, (alle hjelpepleiarar i 1/2
stilling), Helga S. Alvestad,
Torunn Hognaland (kokk/ass. i 1/2
stilling).

I ein halv ledig stilling som
sjukepleiar er det ikkje kome
søkjar, og Marianne Øvrebø er
her mellombels tilsett.

I Bokn barnehage er Berit Are
tilsett i full stilling som assi
stent. Her er også Rita Lindanger
tilsett i ca. 3/4 stilling som
assistent.

TRANSPORT TIL PENSJONISTTREFF

John Magne Lie opplyser til Bokn
Bygdeblad at han transporterer
folk til og frå pensjonisttreff
og turar som pensjonistforen
inga arrangerer for kr. 15,- pr.
person for folk som bur i Føres
vik/Alvestadområdet, og kr. 20,-
pr. person for folk som bur ute
på øya. Prisen er for tur/retur.

Tlf. 74 85 54

Mobil tlf. 090 41010

Kulturmidlar

Bokn kulturstyre fordelte i
siste møte kr. 78.400 i grunn
stønad til organisasjonar i Bokn.
I tillegg vart driftsstønad til
kulturanlegg fordelt med kr. 2.400,-
og oppstartingsstønad med kr. 1.600,-.

Når det gjeld fordeling av grunn
stønad er det utarbeidd retnings
liner for korleis dette skal for
delast, samstundes som ein vesent
leg del av midlane vert fordelt
etter skjønn.

Visse aktivitetar skal i fylgje
reglane prioriterast ved tildeling.
Det gjeld særleg aktivitetar for
barn og ungdom.

Her er oversikt over tildelinga:

Kyrkjebygd s. skule	kr. 1.000,-
Austre B. s. skule	" 500,-
Hognal. s. skule	" 500,-
Bokn MC-klubb	" 1.050,-
Hognal. b. foren.	" 2.000,-
Austre B. g/j klubb	" 2.000,-
Barnefor. Havdur	" 1.500,-
Bokn Idrettslag	" 20.000,-
Bokn skulekorps	" 22.000,-
Petra	" 2.500,-
Bokn Yngres	" 2.500,-
Bokn Brass	" 12.600,-
Diskoteket	" 2.500,-
Bokn vevstove	" 2.500,-
Bokn hagelag	" 1.500,-
Bokn pensjonistfor.	" 3.000,-
Kyrkjetonar	" 750,-

Dessutan vart fordelt kr. 800,-
til kvar av dei tre bedehusa, og
kr. 1.600,- i oppstartingsstilskot
til Bokn Skyttarlag.

STORBRANN PÅ SØPPELPLASSEN

Natt til fredag den 26. juni opp daga ein at det brann livleg på den kommunale søppelplassen på Jøsang. Då det er avfall også frå Bokn Plast som vert dumpa her, var det også fyr i plastavfall, og det utvikla seg ei sterk lukt frå brannen.

Det var ganske god fyr på avfalls plassen, og på fredagen var det store eksplosjonar m.a. frå tome oljefat. Også sprayflasker o.l. eksploderte.

Brannbilen pluss motorsprøyta var i bruk under sløkkiingsarbeidet, og fredag kveld såg det ut til at det meste var sløkt. Likevel tok brannen seg opp att på laurdagen, og ein måtte til med gravemaskin for å koma ned i massene som brann. Det viste seg at det ulma og brann fleire meter ned i massene. Men laurdag kveld såg det ut som at alt var sløkt. Då hadde det vore 8 mann med på sløkkingsarbeidet på fredag og 6 på laurdagen.

DNT-landsmøte

I samband med DNT sitt landsmøte i Haugesund 20.-28. juli vil det verta arrangert tur til Bokn fre dag den 24. juli.

Ein ventar at det vert folksamt på Bokn denne fredagskvelden, ca. 200-250 personar kjem.

Det vert bekransing av Asbjørn Kloster-bautaen, og etterpå vert det eit måltid mat på skulen.

INNTAKSNEMND VED BOKN SJUKESTOVE

Bokn formannskap har vedtatt å oppretta slik inntaksnemnd ved Bokn sjukestove:

Tilsynslege

Styrar/heimesjukepleiesjef
Helse- og sosialleiar.

Varamann for styrar: avd.leiar.

Varamann for helse- og sosial
leiar: rådmannen.



GANG- OG SYKKEL EG MELLOM FØRES VIK OG ALVESTAD KROKEN

Bokn skulestyre gjorde hausten 1986 vedtak om å be formannskap et arbeida vidare med planen om ein gang- og sykkelveg mellom Føresvik og Alvestadkroken. Ut ifrå dette har bygningsrådet tilrådd at byggjing av gang- og sykkelveg vert tatt opp som eit prosjekt under AKSJON SKULEGEG.

Bokn formannskap har nå stilt seg positivt til eit slikt prosjekt, og vil be om at det vert søkt om midlar til prosjektet under AKSJON SKULEVEG.

Formannskapet har vidare bede om at det vert sett i gang regulering av gang- og sykkelveg.

SYNG MED OSS!

Bokn Blandakor treng fleire folk, særleg hankjønn.

Koret ligg ikkje på latsida når det gjeld opptredenar, og planane for hausten er alt klare.

Øvingane er på måndagar kl.20.00 - kl. 21.45 på musikkrommet.

Første øving etter ferien er 24. august.

Kom igjen - bli med!

Spørsmål?

Kontakt Jardar

tlf. 74 84 54 (arb)

74 84 02 (priv).

PRESENTASJONS- BROSJYRE AV BOKN

Næringskonsulent Stein Alendal har utarbeidd ein presentasjons brosjyre av Bokn kommune.

Brosjyren er spesielt tenkt brukt i høve til bedrifter som vil sjå på tilhøva for å etablere seg i kommunen, og enkeltpersonar som ynskjer å busetja seg her. Brosjyren kan også nyttast i den generelle marknadsføringa av kommunen.

Med eit opplag på 10.000 vil det kosta kr. 30.000,- å få brosjyren trykt i fargar. Ein finansieringsplan går ut på at Bokn kommune skal dekke kr. 3.750,- av dette. Resten er tenkt finansiert av B.U.K. og næringslivet i kommunen.

REGISTRERING AV KULTURMINNE

Også denne sommaren vil Bokn kommune i samarbeid med fylkeskonservatoren driva med registrering av kulturminne. Som i fjor er det bygningar bygde før 1900 som skal registrerast. I tillegg til dette vil andre jordfaste minne bli registrert.

Det er Aud Bokneberg og Dagny Grønnestad som også i år skal foreta dette arbeidet, og ein håpar at alle vil ta vel imot registratorane og gje dei opplysningane som kan skaffast.

B - POST

NAMN _____

ADRESSE _____

LEGE

Legekantoret er stengt desse
tirsdagane p.g.a. ferie:
14., 21. og 28. juli og 4. aug.
Turnuskandidaten har kontordag
fredag den 31. juli.

BOKN BYGDEMUSEUM

Åpningstider:

juni-juli-august: sundagar mellom
kl. 15.00 - 18.00.

Velkomen innom!